

mai 2012



Mot ein internasjonal arbeidsmarknad

Innhold

- 3 [Leiar](#) Eit internasjonalt fylke
- 4 [Samla vurdering](#) Uroa veks i eksportnæringane
- 6 [Norsk og internasjonal økonomi](#) Framleis tru på vekst
- 8 [Arbeidsmarknaden](#) Positiv arbeidsmarknad så langt i 2012
- 10 [Utsikter for 2012](#) Store skilnader i framtidstrua
- 15 [Arbeidskraft og rekruttering](#) Slit med å finne fagfolk
- 18 [Arbeidsinnvandring](#) Sikrar berekraftige lokalsamfunn
- 23 [Regionalt utsyn](#) Ny vekst i Nordfjord
- 25 Datagrunnlag og kjelder



Næringsbarometeret tek pulsen på næringslivet

Næringsbarometeret for mai 2012 byggjer på data frå ei landsomfattande spørjeundersøking som vart gjennomført av NAV i mars 2012 retta mot verksemder innafor alle næringsområde. I Sogn og Fjordane vart undersøkinga sendt til i alt 782 verksemder. Næringsbarometeret byggjer i tillegg på relevant statistikk og intervju.

Partnarane bak Næringsbarometeret

Innovasjon Norge Sogn og Fjordane
NAV Sogn og Fjordane
NHO Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Sparebanken Sogn og Fjordane

Næringsbarometeret er utarbeidd

i samarbeid mellom utgjevarane og
[ideas2evidence](#) ved prosjektleiar Malin Dahle og
prosjektmedarbeidarane Jostein Ryssevik,
Jan Erik Grindheim og Turid Vaage.
www.ideas2evidence.com

Ansvarlege utgjevarar

Partnarane bak Næringsbarometeret

Design/layout og foto: Anne Jorun Sæten Design www.ajsdesign.no

Språkkonsulent: SpeakLab ved Renate Nedregård www.speaklab.no

Redaksjon:

Frode Henden, NAV Sogn og Fjordane
Inger Merete Øygard, Innovasjon Norge Sogn og Fjordane
Endre Høgalmen, Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Erik Andersen, NAV Sogn og Fjordane
Jan Atle Stang, NHO Sogn og Fjordane
Arve Sandal, Sparebanken Sogn og Fjordane

Eit internasjonalt fylke

Agnieszka Toporska og Arkadiusz Toporski er 32 år gamle. Dei kjem frå Polen, er nøkkelpersonar i Florø Mekaniske Verkstad og har busett seg med eige hus i Eikefjord. Slike menneske treng Sogn og Fjordane fleire og fleire av skal fylket få til vekst og utvikling dei komande åra.

Du kan møte Agnieszka og Arkadiusz i dette Næringsbarometeret for Sogn og Fjordane. 6 000 innvandrarar utgjer i dag 10 prosent av dei sysselsette i fylket. Takka vere kvinner og menn frå utlandet klarar verksemdene stort sett å få tak i naudsynt arbeidskraft. Langt på veg er det også innvandrane å takke at folketalet held seg stabilt rundt om i kommunane. Å lukkast med arbeidsinnvandringa er med andre ord heilt avgjerande for å få til vekst og utvikling i næringsliv og samfunnsliv dei komande åra.



Arve Sandal

Flora toppar

Flora har flest innvandrarar og er eit godt døme på kva det handlar om. Ifølgje utviklingsselskapet FramFlora utførte innvandrane 1 273 årsverk i kommunen i 2011. I Florø Mekaniske Verkstad, der Agnieszka og Arkadiusz jobbar, kjem 200 av 217 tilsette frå Polen og Litauen. – Dei utanlandske arbeidarane betyr alt for oss, seier dagleg leiar Ole Brandsøy. Bedrifta som driv med prefabrikkering og montering av røyr og stålkonstruksjonar vart kåra til årets Gaselle i Sogn og Fjordane i 2007.

Dobling innan 2020?

Alt tyder på at Noreg berre har sett starten på ei storstilt arbeidsinnvandring. Statistisk Sentralbyrå trur talet på innvandrarar i Sogn og Fjordane vil vere dobla allereie i 2020 og utgjere over 14 prosent av folketalet. Den økonomiske analysen i dette barometeret syner at arbeidsløysa framleis er lågast i landet og at veksten er hemma av mangel på kvalifisert arbeidskraft. Fylket manglar for tida rundt 800 kvalifiserte arbeidstakarar. Det er med andre ord grunn til å tru at SSB ikkje har tatt for hardt i. Arbeidskraft frå utlandet kan bli eit vere eller ikkje vere for mange verksemdar, mange institusjonar og mange lokalsamfunn.

Store utfordringar

Arbeidsinnvandring set både næringslivet og det offentlege på prøve. Det handlar mellom anna om språkopplæring, bustadbygging, fleire skular og nye barnehageplassar. At Arkadiusz Toporski studerer norsk på eiga hand, og at ei verksemd i Florø må busse utanlandske arbeidarar heilt til Jølster for overnatting, er aktuelle døme på at vi ikkje er godt nok budde på den nye situasjonen.

Fylkesplan for innvandring?



Kva med ein fylkesplan for arbeidsinnvandring som legg til rette for språkopplæring og vellukka integrering? Kva med kommuneplanar som sikrar innvandrane skikkelege buforhold og gode oppvekstvilkår? Kva med kulturplanar som legg til rette for møteplassar og samkvem mellom etnisk norske og våre nye landsmenn? Satsing på vellukka integrering kan rett og slett bli den viktigaste vekstimpulsen i Sogn og Fjordane dei komande åra.

Eksportverksemdene uroa

Veksten trengst. Bedriftsundersøkinga i dette Næringsbarometeret ber bod om lågare optimisme enn for eit år sidan. Det er særleg eksportverksemdene som er usikre på konsekvensane av den økonomiske uroa i EU. Svakare ordreinngang og skjerpa priskonkurranse er nokre av utfordringane som møter mellom andre skipsindustrien og metallverka. Verksemdene som arbeider for den innanlandske marknaden er derimot optimistiske som før og på utkikk etter fleire medarbeidarar. Dei kan i stadig større grad måtte rett blikket mot utlandet for å finne kompetanse og ledige hender.

Arve Sandal,
Kommunikasjonsdirektør, Sparebanken Sogn og Fjordane

samla vurdering



Uroa veks i eksportnæringane

Økonomien i fylket er inne i ein svært god periode, men næringslivet lét seg ikkje rive med. Næringsbarometeret viser eit svakt fall i framtidstrua samanlikna med same tid i fjor. Særleg eksportverksemdene ser med veksande uro på den næraste framtida.

Lågare forventningar trass gode tider

Næringslivet i Sogn og Fjordane er i upåklageleg god form, i følgje dei fleste økonomiske nøkkeltal. Arbeidsløysa har falle med 10 prosent sidan april i fjor og ligg no på 2 prosent. Berre Rogaland, med 1,9 prosent, kan vise til betre tal enn dette. Samstundes har sysselsetjinga auka med 2 000 personer frå slutten av 2010 til slutten av 2011, viser SSB sine arbeidskraftsundersøkingar. Også dette er godt over landsgjennomsnittet. Talet på konkursar er også på veg nedover. Medan 25 verksemdar måtte kaste inn handkledet i første kvartal 2011, er det berre 14 som har gjort det same i dei tre første månadene av 2012. Ingen andre fylke i landet har ein sterkare prosentvis nedgang i talet på konkursar. Sogn og Fjordane har også det lågaste talet på konkursar i høve til talet på verksemdar. Berre ei av tusen verksemdar gjekk konkurs i første kvartal 2012, medan talet for resten av landet er 2,2.

Næringslivsleiarane i fylket let seg likevel ikkje rive med. Trass i dei gode tidene, ser næringslivet noko mindre lyst på framtida i dag enn dei gjorde for eit år sidan. Det

viser resultatane frå Bedriftsundersøkinga. Den samla forventingsindeksen fell svakt frå 16 til 13 poeng, og bryt den positive trenden som har vore registrert dei to siste åra. Fallet i forventningar er særleg stort når det gjeld omsetnad og lønsemd. Begge desse indikatorane blir redusert med rundt 10 poeng. Når det gjeld talet på tilsette, er forventningane derimot stabile og indikatoren for investeringar peikar jamvel oppover.

Varskorop frå eksportnæringane

Det er utsiktene i eksportmarknaden som kastar dei mørkaste skuggane. Blant verksemdar som hentar over halvparten av omsetnaden frå eksport, er den samla forventingsindeksen sterkt negativ (- 26). Det er ei dramatisk utvikling sidan Næringsbarometeret frå mai 2011, då denne gruppa hadde ein forventingsindeks på + 46. For verksemdar med mindre enn 25 prosent av omsetnaden frå eksport, er utviklinga derimot marginalt positiv.

I Sogn og Fjordane er det berre rundt sju prosent av dei private verksemdene som hovudsakleg produserer for eksport.

Men då mange av desse verksemdene er store, utgjør dei ein langt større del av den samla arbeidsstyrken. Dette gjeld i særleg grad aluminiumsindustrien og delar av verftsindustrien. I tillegg er desse ofte heilt sentrale hjørnesteinsverksemdar i lokalsamfunna. Den andre store gruppa av eksportverksemdar er innanfor havbruk. Sjølv om ikkje dette er ei særleg arbeidsintensiv næring, gir den likevel viktige jobbmoglegheiter i strøk der det ofte er skrint med anna arbeid.

Kva med oljeboomen?

Aktiviteten i den norske petroleumssektoren er på eit historisk høgt nivå. Estimata for investeringane i olje- og gassverksemda i 2012 er på rekordhøge 186 milliardar kroner. Men mykje tyder på at næringslivet i Sogn og Fjordane ikkje har klart å dra like god nytte av denne veksten som nabo fylka. Oljeserviseverksemdene på og rundt oljebasen i Florø er i vekst, og verft som Havyard er i betydeleg grad retta inn mot bygging av offshorefartøy til oljenæringa, men utover dette er det lite petroleumsretta verksemd i fylket.

Det ser heller ikkje ut til at dei petroleumsretta verksemdene har betre utsikter enn andre delar av næringslivet. Den samla forventingsindeksen for selskap som hovudsakleg leverer utstyr og tenester til petroleumsnæringa skil seg ikkje merkbar frå resten av næringslivet. Dette står i skarp kontrast til Hordaland, der vi ser

konturane av ein todelt økonomi, og der det først og fremst er verksemdene sine relasjonar til oljeøkonomien som avgjer kor lyst dei ser på framtida. At det nettopp er Ytre Sunnfjord/Ytre Sogn som er den minst optimistiske av regionane i fylket, er vel òg eit uttrykk for at ringverknadene frå petroleumsverksemda er svakare enn det vi ser andre stader langs vestlandskysten.

Kanskje er ikkje næringslivet i fylket raske nok til å snu seg rundt og nytte dei nye moglegheitene som byr seg. Færre verksemdar går konkurs i Sogn og Fjordane enn i noko anna fylke i landet, men samtidig ligg fylket på botnen når det gjeld talet på nyetableringar. Fylket si satsing på entreprenørskap i skuleverket har enno ikkje gitt utslag i auka nyskaping.


Nøktern optimisme

Utsiktene for dei næraste månadene må likevel ikkje svartmålast. Alle forventingsindikatorane ligg trygt plassert på den positive sida. Det viser at fleire ventar vekst enn nedgang. Kvar tredje verksemd ventar vekst i omsetnaden og mest like mange ser for seg at lønsemda skal bli betre. Når det gjeld sysselsetjing, vil om lag 25 prosent av verksemdene auke talet på tilsette medan rundt 10 prosent vil redusere. Dette er nærast identisk med resultata frå Bedriftsundersøkinga i 2011 som altså leidde til ein auke i sysselsetjinga på rundt 2 000 personar.


Kamp om kompetansen

Dersom behovet for nye arbeidstakarar blir like stort i 2012, vil det utan tvil bety kamp om kompetansen. Mykje tyder på at dette kan kome til å skje. Så langt ligg talet på ledige stillingar om lag på same nivå som i fjor. Det viser aprildata frå NAV. I Bedriftsundersøkinga melder om lag 16 prosent av verksemdene at dei har freista å rekruttere nye medarbeidarar dei siste tre månadene utan å lukkast. Om lag halvparten av desse har løyst utfordringa ved å tilsetje personell med lågare eller ein annan kompetanse.

I eit fylke mest utan arbeidsløyse er tilførsel av hender utanfrå ei nærliggjande løysing. Utanlandske arbeidstakarar utgjør kring 10 prosent av arbeidsstyrken i fylket, og mange verksemdar er hundre prosent avhengig av arbeidsinnvandring for å få hjula til å gå rundt (sjå eigen artikkel om dette temaet). Mykje tyder på at denne utviklinga vil halde fram. I Bedriftsundersøkinga seier 17 prosent av dei private verksemdene at dei planlegg å rekruttere arbeidskraft frå utlandet det komande året. Dette er eit par prosent fleire enn på same tid i fjor.



Figur 1: Forventingsindeks, målt som differansen mellom dei som ventar auke, og dei som ventar nedgang, med omsyn til tilsette, omsetnad, lønsemd og investeringar. Samla forventingsindeks er målt som gjennomsnittet av dei fire delindeksane.
Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 2: Endring i samla forventingsindeks mellom mai 2011 og 2012 for verksemdar med ulik prosentdel av omsetnaden frå eksport.
Kjelde: Bedriftsundersøkinga

norsk og
internasjonal økonomi



Ved Florø Mekaniske Verkstad sitt nye anlegg er trua på framtida god - mykje takka vere arbeidsinnvandarane.



Framleis tru på vekst

Moderat vekst i samla produksjon og etterspurnad kjenneteiknar norsk økonomi for tida. Investeringsane aukar og arbeidsstokken veks med høg innvandring.

Rekordhøgt handelsoverskot

Den internasjonale økonomien står overfor store utfordringar. Men dette ser ikkje ut til å verke negativt inn på norsk økonomi. Utanrikshandelen med varer er rekordhøg. Berre i mars utgjorde den 88,9 milliardar kroner, medan importen var på 42,5 milliardar kroner. Dette gav det høgaste handelsoverskotet for Noreg nokon sinne. Årsaka er primært sær gode olje- og gassprisar.

Verdien av fastlandseksporten gjekk òg opp, og var på 33,5 milliardar kroner i mars. Dette var ein oppgang på 12,4 prosent frå februar og 1,1 prosent høgare enn for eit år sidan. I første rekkje kjem dette frå auka sal av malm, samt maskiner og transportmiddel. Samstundes gjekk eksporten av fisk, metall og kjemiske produkt ned. Lågare lakseprisar førte mellom anna til at verdien

av fiskeeksporten vart 275 millionar kroner lågare enn i mars 2011.

Det siste året har den økonomiske veksten i OECD-området og dei toneangivande økonomiane i Afrika, Asia og Latin-Amerika stoppa opp eller gått ned. I Euro-området ser ikkje framtida særleg lys ut – med statsgjeldskriser og private bankar i vanskar. Strammare finanspolitikk verkar negativt på veksten i Europa, medan amerikansk økonomi har betra seg noko dei siste månadene.

Lågare etterspurnad globalt, kombinert med svekka konkurranseevne lokalt grunna høge lønnskostnader og ei sterk krone, vil kunne verke negativt inn på viktige bransjar innan den eksportretta industrien i Sogn og Fjordane komande månader.

Kapital og kompetanse

EU arbeider for tida med å skape nye reglar for kapitaldekning for kredittinstitusjonane i den indre marknaden. Krava er retta mot ein auke i andelen eigenkapital og/eller slanka balanse. Det vil kunne føre til minska utlånsvolum, ikkje minst til små og mellomstore verksemder i dei europeiske landa.

I følgje den offentlege utgreiinga Kompetansearbeidsplasser – drivkraft for vekst i heile landet (2011:3) er tilgangen på kapital og den økonomiske utviklinga i Noreg god. Men kapitaltilgangen kan vere noko knapp for verksemder i deira første fase.

Det er ikkje påvist store regionale skilnader i kapitaltilgangen for norske verksemder. Men ein auke på 11 prosent i investeringane i norsk petroleumsverksemd i 2011 kom vestlandsfylka til gode. Unntaket er Sogn og Fjordane. Langt færre verksemder i fylket tilbyr olje- og gassrelaterte varer og tenester samanlikna med nabofylka. Medan 17 prosent av verksemdene i Noreg seier at 1-24 prosent av produksjonen er retta mot olje- og gassektoren, tre prosent seier 25-49 prosent og seks prosent seier meir enn 50 prosent, er tala for Sogn og Fjordane 13, ein og fem prosent. Dette er langt lågare enn i nabofylka og ei utfordring for fylket når så mykje av private og offentlege investeringar i Noreg er knytt til petroleumsnæringa.

Høge løner svekkjer konkurranseevna

Investeringane i fastlandsnæringane auka òg mot slutten av 2011. Statistisk sentralbyrå har tru på fortsatt vekst i åra framover, om enn med vekstratar noko lågare enn førre konjunkturoppgang. Norsk økonomi er inne i ein periode med moderat vekst i samla produksjon og etterspurnad. Arbeidsstokken veks, i første rekkje fordi innvandringa til Noreg er høg, og med auka sysselsetting veks etterspurnaden. Etterspurnaden blir òg stimulert av ein auke i dei offentlege overføringane til hushalda.

Konsekvensane er auka prisar og løner. Lønene stig langt meir enn veksten i konsumprisindeksen, som truleg berre blir på ein prosent frå 2011 til 2012. Det viser tal frå Det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjøra (TBU). Og medan prisveksten for varer og tenester varierer på tvers av sektorar, går lønene opp for alle sektorar og yrkesgrupper. I 2011 auka lønene i gjennomsnitt med 4,6 prosent i industrien, 3,6 prosent innan varehandel og 4,2 prosent innan offentlig forvaltning.

Dei høge lønene i norsk industri er med på å svekke konkurranseevna for eksportretta verksemder. Den gjennomsnittlege timeløna var i 2011 anslagsvis 54 prosent høgare enn eit handelsvekta gjennomsnitt hos Noregs handelspartnarar. Produktivitetsveksten er heller ikkje like stor som hos handelspartnarane våre. Saman med ei styrka krone gjer dette det vanskelegare for norske verksemder å hevde seg på den globale marknaden. Den kostnadsmessige konkurranseevna i norsk industri har i gjennomsnitt svekka seg med 2,4 prosent kvart år dei siste åra, målt i relative timelønscostnader i felles valuta. Det syner tal frå TBU.

Skjerpa lånevilkår

I Næringsbarometeret i januar skreiv vi at bankane hadde skjerpa sin kredittpraksis i løpet av siste kvartal i fjor. Denne praksisen har vore om lag uendra i 1. kvartal i år, med unntak av utlån til næringseigedom. Det syner den nye utlånsundersøkinga til Norges Bank. Faktorar som auka krav til eigenkapital, auka gebyr samt redusert maksimal nedbetalingstid tyder likevel på at vilkåra for utlån til føretak har vorte noko strammare. For 2. kvartal ventar bankane uendra kredittpraksis, men ytterlegare innstrammingar for næringseigedom.



Aktiv eigarkapital

Aktiv eigarkapital, eller private equity (PE) på engelsk, er langsiktige investeringar i bedrifter med gode moglegheiter for vekst. Spesialiserte fond finn slike bedrifter og bidreg med kapital og kompetanse for å utvikle dei. Fjord Invest i Førde har sidan 2003 investert for totalt 200 millionar kroner i 19 såkorn- og vekstbedrifter i Sogn og Fjordane. – Næringslivet i Sogn og Fjordane har behov for tilgang til aktiv eigarkapital, seier dagleg leiar Aud Ingrid Espeland. – Det kan vere fordi bedrifta er nystarta, veks eller er i anna omstilling som gir behov for kapital, kompetanse og nettverk.

I følgje Espeland vil strengare internasjonale krav til finansnæringa og eigenkapitaldekning kunne føre til at bankane stiller høgare krav til bedriftene sin eigenkapital. Det vil igjen auke behovet for aktiv eigarkapital for utvikling av næringslivet.

Til saman forvalta norske aktive eigarfond 61 milliardar kroner til investering i bedriftsutvikling i 2011. Det seier førsteamanuensis Carsten Bienz frå det nyoppretta forskingssenteret Argentum Centre for Private Equity ved Norges Handelshøyskole i Bergen. Les meir om det nye forskingssenteret på: <http://www.nhh.no>



Positiv arbeidsmarknad så langt i 2012

Arbeidsløysa held fram med å gå ned i Sogn og Fjordane. Hittil i år har vi ein reduksjon på 16 prosent. Industri og bygg og anlegg står for ein stor del av reduksjonen. Det er likevel skjer i sjøen i form av uvisse knytt til

utviklinga i internasjonal økonomi og situasjonen for enkeltverksemdar i fylket. Det er difor mogleg at vi etter kvart vil nærme oss NAV sin prognose om uendra arbeidsløysa i 2012.

Sogn og Fjordane med lågast arbeidsløysa i landet

Ved utgangen av april var 1 102 personar i Sogn og Fjordane - to prosent av arbeidsstyrken - heilt utan arbeid. Det er ein reduksjon på 10 prosent frå april 2011.

Hittil i år (til og med april) har Sogn og Fjordane ein reduksjon i arbeidsløysa på 16 prosent. På landsnivå er reduksjonen på 10 prosent. Sogn og Fjordane har også færre personar på arbeidsmarknadstiltak enn landsgjennomsnittet. Dersom vi reknar med personar på arbeidsmarknadstiltak, blir reduksjonen i arbeidsløysa sju prosent i Sogn og Fjordane og fem prosent på landsnivå.

Sogn og Fjordane hadde lågast arbeidsløysa i landet i 1. tertial 2012. Fylket hadde i gjennomsnitt 1,9 prosent av arbeidsstyrken registrert som heilt utan arbeid, mot 2,7 prosent på landsbasis. I tillegg var 0,4

prosent av arbeidsstyrken i Sogn og Fjordane på arbeidsmarknadstiltak, mot 0,8 prosent på landsnivå (figur 1).

Størst reduksjon i bygg og anlegg

I Sogn og Fjordane har gjennomsnittleg arbeidsløyse gått ned i dei fleste yrkesgruppene frå 1. tertial 2011 til 1. tertial 2012 (figur 2). Nedgangen er størst innanfor bygg og anlegg, butikk- og salsarbeid og industriarbeid. Arbeidsløysa har auka innanfor kategoriane kontorarbeid, barne- og ungdomsarbeid og serviceyrke og anna arbeid.

Størst nedgang i arbeidsløysa i ytre Sogn/ytre Sunnfjord

Alle regionane i fylket har ein reduksjon i arbeidsløysa frå 1. tertial 2011 til 1. tertial 2012. Ytre Sogn/ytre Sunnfjord har størst reduksjon med 35 prosent. Deretter følgjer Sunnfjord med 25 prosent, Sogn med 9 prosent og Nordfjord med 5 prosent.

Sogn har lenge hatt lågast arbeidsløyse i fylket, men regionen er no passert av ytre Sogn/ytre Sunnfjord. Desse regionane har ei arbeidsløyse på høvesvis 1,7 prosent og 1,4 prosent. Nordfjord har høgast arbeidsløyse med 2,4 prosent. I denne regionen har kystkommunane klart høgare arbeidsløyse enn innlandskommunane.


Arbeidsløysa mest ned blant menn

Menn har ein reduksjon i arbeidsløysa på 22 prosent i perioden frå 1. tertial 2011 til 1. tertial 2012. Kvinner har ein reduksjon på fem prosent. Likevel har kvinner framleis lågast arbeidsløyse med 1,6 prosent, mot menn 2,2 prosent. Noko av forskjellen kan forklarast med at mannsdominerte yrke innan bygg og anlegg og industri står for mykje av nedgangen i arbeidsløysa.


Arbeidsløysa mest ned blant etnisk norske

Arbeidsløysa i Sogn og Fjordane har gått ned med 19 prosent blant etnisk norske frå 1. tertial 2011 til 1. tertial 2012. Innvandrarar frå vestlege land har ein reduksjon på 16 prosent, medan ikkje-vestlege innvandrarar har uendra arbeidsløyse.

På landsnivå er ikkje forskjellane like store. Her har norske ledige og innvandrarar frå vestlege land om lag like stor reduksjon i arbeidsløysa, høvesvis 11 og 13 prosent. Ikkje-vestlege innvandrarar har ein reduksjon på to prosent. Ei årsak til skilnaden mellom gruppene er at innvandrarar



Figur 1:Arbeidsløyse og deltakarar på arbeidsmarknadstiltak i fylka, i prosent av arbeidsstyrken. Gjennomsnitt 1. tertial 2012. Kjelde: NAV



Figur 2: Prosentvis endring i gjennomsnittleg tal på heilt ledige frå 1. tertial 2011 til 1. tertial 2012, etter yrkesbakgrunn. Kjelde: NAV

frå ikkje-vestlege land i liten grad jobbar i bygg og anlegg, som har sterk nedgang i arbeidsløysa.

Svak auke i stillingstilgangen

Frå 1. tertial 2011 til 1. tertial 2012 har Sogn og Fjordane hatt ein auke i stillingstilgangen på fem prosent. På landsnivå har det vore ein reduksjon på éin prosent i same periode. Dette gjeld stillingar som er lyste ut offentleg gjennom media og NAV.

I Sogn og Fjordane er den prosentvise auken størst innanfor jordbruk, skogbruk og fiske, barne- og ungdomsarbeid, helse, pleie og omsorg. På landsnivå er det også jordbruk, skogbruk og fiske som har størst auke. Her har også ingeniør og ikt-fag stor auke. I Sogn og Fjordane er det denne yrkesgruppa som har størst reduksjon i stillingstilgangen.


Ved utgangen av april var det 364 ledige stillingar i Sogn og Fjordane. Det var flest ledige stillingar innafør helse, pleie og omsorg, undervisning og reiseliv og transport.

Mest truleg uendra arbeidsløyse i 2012

I følgje dei siste prognosane frå NAV, kan arbeidsløysa på landsnivå auke med i gjennomsnitt 1,4 prosent i 2012. NAV Sogn og Fjordane trur mest på uendra arbeidsløyse, men det er uvisse knytt til utviklinga i internasjonal økonomi og situasjonen for enkeltverksemdar i fylket. Det gjennomsnittlege talet på arbeidslause i Sogn og Fjordane i 2012 kan dermed bli om lag det same som i 2011, 1 084 personar.

NAV ventar at arbeidsløysa vil halde seg på om lag same nivå dei neste par åra. I følgje dei siste prognosane frå NAV Arbeids- og velferdsdirektoratet, kan arbeidsløysa på landsnivå auke med om lag éin prosent i 2012. I sine prognosar frå desember, trur NAV Sogn og Fjordane på uendra arbeidsløyse.

Artikkelen er utarbeidd for Næringsbarometeret av NAV



utsikter for 2012



Store skilnader i framtidstrua

Det er framleis gode tider i dei fleste bransjar i Sogn og Fjordane. Men medan nokre ventar vekst og velstand i året som kjem, er utsiktene i andre bransjar langt mørkare. Låge prisar og overkapasitet i verdsmarknaden gjer at råmetallindustrien og havbruksnæringa slit.

Aukar staben

- Marknadsutsiktene er ekstremt spanande, seier Edgeir Aksnes optimistisk. Han er administrerande direktør i IT-selskapet Elis AS i Dale i Sunnfjord. Selskapet har spesialisert seg på utvikling av programvare til energisektoren og har lenge vore dominerande på den norske marknaden. No er Elis i ferd med å etablere seg i Norden og har også kasta auga på det nordlege Europa. Utvidinga vil krevje fleire tilsetjingar i månadene framover.

Sindre Kvalheim, administrerande direktør i LocalHost i Måløy, må òg auke staben for å ta unna etterspurnaden. Vi møter Kvalheim på rekrutteringstur til Bergen der han nett har intervjuet fleire kandidatar frå Bangladesh som han håpar vil la seg freiste av utsiktene til IT-jobb i Måløy. - Vi har vakse med om lag 80 prosent per år dei siste åra, men maken til det første kvartalet av 2012 har vi ikkje sett før. Vi har dubla omsetnaden frå same tid i fjor og det er ingen ting som tyder på at det vil stoppe opp.

Varsame optimistar

Elis og LocalHost høyrer til den mest optimistiske delen av næringslivet i Sogn og Fjordane. Andre er meir uroa for kva den næraste framtida vil bringe. Det gjeld ikkje

minst verksemdar som har storparten av omsetnaden frå eksport. I Sogn og Fjordane handlar det først og fremst om dei store aktørane innan metallindustrien og havbruksnæringa.

Samla sett er næringslivet i fylket varsame optimistar med tanke på den næraste framtida. Den samla forventingsindeksen fell svakt frå same tid i fjor, men ligg framleis trygt på den positive sida. I mest alle bransjar er det fleire som ventar vekst enn tilbakegang. Det er først og fremst indikatorane for omsetnad, lønsemd og eksport som fell samanlikna med for eit år sidan. Når det gjeld investeringar og sysselsetting er det derimot stabilitet eller vekst. Ei mogleg tolking av dette er at fleire har fått krefter til å tenkje ekspansivt sjølv om veksten skulle stoppe opp.

Store skilnader mellom næringane

Det er store skilnader i trua på framtida mellom ulike delar av næringslivet i fylket. Verksemdar innan finansiell- og forretningsmessig tenesteyting og transport og kommunikasjon er mest optimistiske. I den andre enden av skalaen finn vi privat tenesteyting og jordbruk, fiske og havbruk. For den siste gruppa er den samla forventingsindeksen jamvel negativ. Det største


fallet i optimisme samanlikna med for eit år sidan finn vi i næringsgruppa bergverk, olje og energi – ei næringsgruppe som i Sogn og Fjordane hovudsakleg inneheld steinindustri og energiselskap.

Sprikande signal frå industrien


Tilhøva for industrien sett under eitt er rimeleg gode. Vareeksporten frå Fastlands-Norge har aldri vore høgare enn i mars 2012, i følgje SSB. Eksportverdien voks med over 12 prosent frå månaden før, og nærare 6 prosent frå 1. kvartal 2011. Samstundes er det høg etterspurnad i heimemarknaden. SSB sin industristatistikk for 1. kvartal 2012 viser at produksjonen er stabil og omsetnaden svakt aukande.

Tilgangen på nye ordrar til industrien har likevel falle jamt og trutt dei tre siste kvartala, eit varsel om at veksten i omsetnaden av industrivarer etter kvart kan stoppe opp. Det er også store skilnader i ulike delar av industrien. Medan tradisjonelle eksportvarer som kjemiske produkt og råmetall er i vanskar, går andre bransjar så det susar. Det siste gjeld mellom anna produksjon av metallvarer, maskiner og teknisk utstyr.

I dei siste månadene har det òg kome alarmerande signal frå verftsindustrien. I følgje marknadsføringsorganisasjonen Norske Skipsverft har tilgangen på nye ordrar vore svakare i dei første månadene av 2012 enn på same tid i fjor. Det er fleire årsaker til dette. Mellom anna ser reiar-



Figur 1: Samla forventingsindeks 2012 i ulike næringar.
Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 2: Endring i samla forventingsindeks frå 2011 til 2012 i ulike næringar.
Kjelde: Bedriftsundersøkinga



TRONGARE OM PLASSEN: Marknadssjef Ole Jacob Bye vil få fleire kollegaer det neste året. Programvareselskapet Elis vil trenge ein ny medarbeidar kvar månad det neste året.

Elis AS:

Programvareselskap med internasjonale ambisjonar

Elis er historia om programvareselskapet som starta opp i Dale i Sunnfjord for 20 år sidan og som no har vorte eit internasjonalt konsern med 270 tilsette. Rundt 70 av desse har arbeidsplassen sin i Dale – eit tal som vil auke monaleg i tida framover om selskapet skal nå dei måla dei har sett for seg sjølv.

Elis utviklar programvare for energisektoren – programsystem som styrer heile verdikjeda frå straumen kjem inn i nettet til den er levert til kunden og betalt. – Det skjer mykje på energiområdet no. Det gjeld mellom anna nye krav til energioptimalisering, meir effektiv styring av netta og overgang til smarte strømmålarar, seier administrerende direktør Edgeir Aksnes. – Alt dette er prosessar som krev ny og betre programvare. Vi er særskild godt plassert for å ta del i denne utviklinga.

Elis har i fleire år vore den dominerande leverandøren av programvare til kraftleverandørar og nettselskap i Norge. Gjennom ny

eigar har det finske softwareselskapet Process Vision vorte kjøpt opp og dei er no i ferd med å bli ein viktig aktør på den nordiske marknaden med følarar ut i det nordlege Europa. – Vi ser på 2012 som året då vi verkeleg skal etablere oss utanfor Noreg, seier Aksnes. Med nye eigarar i ryggen frå 2011 er selskapet godt rusta for ein slik ekspansjon. Elisgruppa har også kjøpt opp det Hamar-baserte programutviklingsselskapet Popkorn.

– Vi ser svært lyst på tida framover, seier Aksnes. – Så langt i år har vi hatt ein vekst på 36 prosent samanlikna med same tid i fjor, og vi ventar vidare oppgang. Aksnes har lang erfaring frå IT-bransjen i Oslo, men ser få ulemper med å vere lokalisert i utkanten. – Vi har ikkje hatt store vanskar med å finne den kompetansen vi har bruk for. Og kjem dei først til Dale, blir dei ofte verande.

laga innan offshore ut til å vere inne i ein periode der dei konsoliderer posisjonane sine heller enn å tinge nybygg. Dei norske verfta opplever òg skjerpa konkurranse frå europeiske verft som grunna svikt i fraktmarknaden har kasta seg inn i kampen om offshorekontraktane.

Lågare forventingar

For industrien i Sogn og Fjordane går den samla forventingsindeksen tilbake frå vel 21 til vel 15 poeng. Det er likevel store skilnader mellom dei ulike bransjane. Den sterkaste optimismen finn vi i tekstilindustrien som ikkje berre har den høgaste forventingsindeksen (56), men som også kan notere ein markert vekst i forventingane samanlikna med i fjor. Det er med andre ord ikkje berre Moods of Norway som har gode tider om dagen. Dette ser òg ut til å gjelde dei andre tekstilverksemdene i fylket. Også når det gjeld produksjon av maskiner og utstyr er det aukande optimisme samanlikna med i fjor. Det er i denne gruppa vi finn

alle skipsverfta i fylket. Den tredje bransjen som kan vise til markert vekst i optimismen, er trevareindustrien.


Men i nærings- og nytingsmiddelindustrien er framtidstrua på retur, og den samla forventingsindeksen fell frå 19 til 3. Dette er ein bransje som i følgje SSB sitt konjunkturbarometer er inne i ein god periode, særleg på grunn av auka etterspurnad i heimemarknaden. Men i Sogn og Fjordane driv dei fleste verksemdene i denne gruppa med sjømat og fiskeforedling, og ein stor del av omsetnaden går til eksport. Bransjen er såleis råka av nokre av dei same utfordringane i den europeiske marknaden som det havbruksnæringa er.

Må auke effektiviteten

Også metall- og metallvareindustrien fell markert samanlikna med for eit år sidan og endar på den negative sida med ein samla forventingsindeks på -4. Dette er ei samansett gruppe som både inkluderer råmetallindustrien og ulike typar mekanisk

industri. – Aluminiumsindustrien har i fleire år vore ramma av overproduksjon og svak vekst i etterspurnaden, seier Halvor Molland, informasjonsdirektør i Norsk Hydro. Selskapet har justert ned prognosane for veksten i etterspurnaden etter aluminium på verdsmarknaden (utanfor Kina) til 3 prosent for 2012. – Når det gjeld Europa ventar vi faktisk nullvekst, seier Molland. Medan prisane på aluminium har vakse med ein prosent sidan byrjinga av 2010, har prisane på viktige innsatsvarer som koks og kaus-tisk soda vakse med høvesvis 67 og 127 prosent. – Det seier seg sjølv at dette skapar ein situasjon som ikkje er berekraftig.

Norsk Hydro har møtt utfordringane med eit forbettringsprogram som har som mål å redusere kostnadene per produsert tonn aluminium med \$ 300. Sjølv om tidene er tøffe, ser ikkje Molland for seg at det vil skje dramatiske endringar på kort sikt ved Norsk Hydro sine verksemdar i Sogn og Fjordane. – No handlar det om å auke effektiviteten i dei anlegga vi har, seier Molland.



VERFTET I LEIRVIK: Her blir skipa frå Havyard Ship Technology innreidd, maskiner montert, testa og sett i drift. 200 av dei tilsette jobbar i Leirvik.


Havyard Ship Technology AS: Offshore-verft med fulle ordrebøker

Den første båten som vart levert frå Løland Motorverkstad i 1938 var den 15 meter lange «Loftesnesferja» med plass til fire bilar. Det er eit langt sprang derfrå til dei moderne offshore-fartøya som i dag blir produsert ved skipsverftet i Leirvik. I mellomtida har verftet vore gjennom fleire eigarbyte og er i dag ein del av det Fosnavåg-baserte konsernet Havyard Group AS. Tre fartøy er i desse dagar under arbeid ved verftet. Berre eitt av dei er for eit norsk reiarlag. Dei to andre er tingingar av reiarar frå Færøyanar og India.

– Før 2005 var Havyard eit tradisjonelt verft, seier verftsdirektør Trygve Solaas. – Dette året la vi om drifta og utvikla oss til eit fullt integrert internasjonalt skipsbyggingskonsern som også designar, prosjekterer og utviklar fartøy. Havyard Group AS er i dag lokalisert i Polen, Kroatia, Tyrkia, Brasil, India, Singapore og Kina. Med omlegginga voks både omsetnaden og lønsemda. Konsernet omsette for rundt 1,5 milliardar i 2011 og dobla samtidig overskotet frå året før. Som takk for innsatsen fekk alle dei fast tilsette 20.000 kr. i bonus.

Vel 200 av desse jobbar ved verftet i Leirvik. I tillegg vil det ofte vere opp mot 300 andre i arbeid på verftsområdet når aktiviteten er på topp. Desse kjem frå andre selskap og kontraktørar som er involvert i klargjeringsprosjektet av fartøya. Svært mange er utanlandske, hovudsakleg frå Aust-Europa.

Havyard byggjer ikkje lenger skroga sine sjølv. – Vi har korkje anlegg eller eit kostnadsnivå som gjer det mogleg eller fornuftig, seier Solaas. Dei fleste skroga blir bygd i Tyrkia og blir deretter taua til Leirvik for klargjering. Her blir skipa innreidd, samtidig som maskiner og anna teknisk utstyr blir montert, testa og sett i drift. Havyard sel også sine eigne designpakkar til andre verft i inn- og utland. – Vi er heilt klart ein leiande aktør internasjonalt når det gjeld design av moderne offshore-fartøy, seier Solaas. Han er optimist med tanke på framtida. – Som det ser ut i dag, har vi arbeid til utpå hausten neste år.



Figur 3: Samla forventingsindeks 2011 og 2012 i ulike industribransjar.
Kjelde: Bedriftsundersøkinga.

Forretningsmessig tjenesteyting i vekst

Hovudnæringa med sterkast tru på framtida, er finansiell- og forretningsmessig tenesteyting. Næringsbarometeret viser at den samla forventingsindeksen endar på 23, opp heile 11 poeng frå same tid i fjor. Dette er ei samansett gruppe verksemdar som inkluderer finans- og forsikringsbransjen på den eine sida og på den andre sida eigedomsbransjen, utleige av bilar, maskiner og arbeidskraft og ulike faglege tenester som rekneskap, rådgiving og liknande. Det er først og fremst i denne siste gruppa at optimismen er sterk. Medan den samla forventingsindeksen blant verksemdar i finans- og forsikringsbransjen endrar seg lite mellom 2011 og 2012, veks den frå 8 til 25 blant dei som driv forretningsmessig og fagleg tenesteyting. Fordi dette er verksemdar som i all hovudsak lever av å selje tenester til andre delar av næringslivet, er utsiktene i denne bransjen ein god indikator på den allmenne helsetilstanden i det lokale næringslivet. Når dei andre verksemdene i fylket gjer det godt,

er det også gode tider for dei som yter dei tenester.

Ei av desse verksemdene er reklamebyrået Inform Media AS i Førde som for tida har 11 faste medarbeidarar. - Vi merka eit tydeleg omslag sommaren 2011, seier dagleg leiar Ole Jonny Klopstad. - Frå det tidspunktet har vi hatt ein jamn straum av kundar som vil skape ein ny og forbetra profil for verksemda si. Vi tek dette som eit teikn på at det lokale næringslivet gjer det bra og tenkjer ekspansivt. Det er også mange nyetablerte verksemdar som har behov for reklametenester. Så langt har vi tilsett to nye medarbeidarar i 2012, men finn vi dyktige folk kan det gjerne bli fleire.

Varsam betring for personleg pleie

Også hos dei som yter tenester til privatpersonar er det gryande optimisme å spore. Den samla forventingsindeksen stig med 6 poeng frå same tid i fjor, men endar likevel ikkje høgare enn på vel tre poeng, nest lågast blant hovudnæringane. Gitt at fylket er mest utan arbeidsløyse, og den private velstanden difor skulle vere god,

er det kanskje overraskande at frisørar og andre personlege tenesteytarar ikkje har større forventingar til 2012. Til samanlikning steig omsetnaden innan frisering og venleikspane i Sogn og Fjordane med vel sju prosent frå 6. termin 2010 til 6. termin 2011, i følge tal frå SSB - eit resultat som ligg godt over landsgjennomsnittet.

Byggjeboom på retur?

Allereie i Næringsbarometeret frå januar registrerte vi eit fall i optimismen blant verksemdene i byggje- og anleggsnæringa. Dei nye forventingstala som er samla inn i mars stadfestar denne utviklinga. Samanlikna med same tid i fjor, fell den samla forventingsindeksen med vel sju poeng. Indeksen endar på 12 poeng som er rett under resultatet for alle næringane samla. Om lag 13 prosent av verksemdene meiner at marknadsutsiktene for inneverande år er betre enn i fjoråret, men det er også rundt 10 prosent som meiner dei har vorte verre. Like fullt ser kvar fjerde verksemd for seg at dei vil tilsetje fleire medarbeidarar og mest ingen ventar reduksjon.

Ser vi Hordaland og Sogn og Fjordane under eitt, er ordreservane til byggje- og anleggsverksemdene sterkt veksande. Det syner dei siste tala frå SSB. Berre mellom 3. og 4. kvartal i 2011 vaks ordrebøkene med 18 prosent. Samanliknar vi med 4. kvartal året før, er veksten på mest 60 prosent - om lag det doble av veksten i landet sett under eitt. Diverre finst det ikkje eigne tal for Sogn og Fjordane, så det er vanskeleg å avgjere kor stor del av denne veksten som er skapt i fylket. Ludvik Solvang i den Florø-baserte entreprenørverksemda Allbygg AS, tek jobbar i begge fylka. - Vi merkar at

LocalHost: IT-selskap i vinden

I romjula 2011 låg Nordfjord i stummande mørke og utan kontakt med omverda etter herjinga til orkanen Dagmar. Likevel kunne Coast Seafood i Måløy kommunisere med sine laksekundar i Europa, fortalde NRK Nyhenda. Mykje av æra for dette vart gitt til det lokale IT-selskapet LocalHost, som hadde forsynt verksemda med nett- og kommunikasjonsløyser. - Vi har bygd sær robuste løyser og var fullt operative gjennom heile denne perioden, seier Sindre Kvalheim, dagleg leiar i LocalHost.

IT-selskapet har hatt ei rivande utvikling dei siste åra. Dei har spesialisert seg på såkalla virtualiseringsløyser for små og mellomstore verksemdar og mykje av veksten har kome frå kundar i

Sogn- og Fjordane. Men om lag 40 prosent av omsetnaden stammar frå kundar utanfor fylket, eller «utlandet» som dei kallar det i LocalHost. - Tilgangen på nye kundar og aktivitetar har vore uvanleg sterk dei siste månadene, seier Sindre Kvalheim. - Eg tek det som eit teikn på at næringslivet i regionen går godt.

LocalHost har elles gjort seg kjend gjennom planane om å byggje eit større og miljøvenleg datasenter i nedlagde Lefdal Gruve. Selskapet har undertekna ein intensjonsavtale med IBM om prosjektet. Lefdal Gruve er sær godt eigna til dette føremålet med underjordiske areal tilsvarande 17 fotballbaner og med lett tilgang til naturleg kjøling frå fjorden.

trykket i byggje- og anleggsbransjen er merkbar høigare i Hordaland enn hos oss, seier Solvang. SSB sine tal over kvadratmeterstorleiken på igangsette bustadprosjekt, stadfester Solvang sin observasjon. I Sogn og Fjordane voks denne med sju prosent frå februar 2011 til februar 2012, mot 43 prosent i Hordaland. – Vi har likevel nok av oppdrag også på vår side av fylkesgrensa, seier Solvang. – Vi kunne utan tvil ha auka aktiviteten om vi berre fekk fatt i fleire bygningsarbeidarar.

Høgt trykk i IT-bransjen

IT-bransjen er også svært kjenslevar for konjunktursvingingar. Selskap som Elis, LocalHost og Seevia lever i hovudsak av å selje tenester og programvare til andre verksemdar. Bransjen er ikkje så stor, men fleire gode døme viser at det er mogleg å byggje suksessrike og konkurransedyktige kompetansesarbeidsplassar utanom dei store byane.

Bransjen ser lyst på framtida. Den samla forventingsindeksen endar på 30,

som er om lag det same nivået som i 2012. Heile 40 prosent av verksemdene melder at dei vil tilsetje fleire medarbeidarar i løpet av året.

Havbruksnæringa budd på vanskelege månader

Av hovudnæringane er primærnæringane åleine om å ha ein negativ forventingsindeks. Sjølv om talet på verksemdar i Bedriftsundersøkinga er for lite til å gi sikre svar, er det mykje som tyder på at det er havbruksnæringa som står for pessimismen.

Det står i kontrast til stemninga på den årlege sjømatkonferansen North Atlantic Seafood Forum, som var prega av optimisme. Eksporten av norsk laks til utlandet ligg på eit historisk høgt nivå. Ikkje minst har eksporten til Russland auka dramatisk. Men prisane er låge og vil truleg halde seg på eit lågt nivå også i månadene framover. Enkelte ventar jamvel vidare prisreduksjon. Det er svært mykje fisk i merdane og tilveksten er god. Næringa nærmar seg difor det såkalla MTB-taket (maksimalt tillate bio-

masse) der styresmaktene vil kunne krevje at det blir sett i verk ekstraordinær slakting. Då vil prisane kunne pressast ytterlegare ned. For ei næring der marginane allereie er under sterkt press, kan dette vere alvorleg. Optimismen på sjømatkonferansen handlar difor om det litt lengre perspektivet. Dei fleste aktørane i bransjen ser for seg at tilbodsveksten vil flate ut mot slutten av året og at dette igjen vil kunne gi prisar som kan auke lønsemda.

– Det er nok først og fremst produsentane som merkar følgjene av dei låge prisane, seier Ingrid Kassen som er administrerende direktør i Norwell AS i Florø. – For oss som sel oppdrettsfisk på den internasjonale marknaden vil lågare prisar normalt gi større volum. Ola Brattvoll i Marin Harvest stadfester denne observasjonen. – Vi opplever ein kraftig vekst i etterspurnaden etter laks globalt, både frå dei etablerte marknadene i Europa og USA og frå nye marknader som Russland, Brasil og fleire land i Asia. Men samtidig er innteninga redusert grunna låge prisar.



MØTEST PÅ VIDEO: – Katalogen for videokonferansar er også utvikla som app for lesebrett og smarttelefon, fortel dagleg leiar Jørn Mikalsen i Seevia AS.

Seevia og VideoNor: Suksess via videokonferanse

– Skal vi skape vekst i dette fylket, må vi våge å tenkje nytt og utvikle arbeidsplassar bygd på kunnskap, seier Jørn Mikalsen, dagleg leiar i Seevia AS. Selskapet har nett underteikna si første internasjonale kontrakt om ein felles videokonferanses katalog for det danske og norske helsevesenet. Mikalsen er sikker i trua på at kontrakten vil opne nye og spanande marknader for den Måløy-baserte verksemda.

Kjerneproduktet til Seevia er ein katalog over brukarar av videokonferansenester som gjer det enklare å finne og kontakte andre brukarar. – Litt forenkla kan vi sjå på dette som Gule sider for videokonferansebrukarar, forklarar Mikalsen. Selskapet har utvikla teknologi som automatiserer oppdateringa av denne katalogen, noko som blir stadig viktigare etter kvart som bruken av slike tenester tek av. – Videokonferansar er ikkje lenger noko som krev kostbart utstyr og spesialbygde møterom. I våre dagar kan videomøte like gjerne gjennomførast via berbare datamaskiner, lesebrett eller mobiltelefonar.

Dette krev at det er lett å finne den ein skal kommunisere med.

Det var Måløy-verksemda Videonor som fekk ideen til katalogtenesta og som utvikla den første versjonen. Då interessa for katalogen tok av, vart selskapet Seevia AS etablert i 2011 for å kunne leggje større trykk bak vidareutvikling og marknadsføring. Seevia har fått fleire prisar for sitt miljøvenlege og banebrytande arbeid, mellom anna årets Nyskapspris frå NHO Sogn og Fjordane og den prestisjetunge Rosingprisen for SmartIT.

– Klart vi blir i Måløy, svarar Mikalsen når vi spør korleis selskapet ser for seg den vidare utviklinga. Selskapet har allereie etablert kontor i Oslo, Stavanger og Trondheim, men trivst godt i IT-klynga i Måløy og planlegg å vekse her. – Per i dag har Videonor og Seevia til saman 12 tilsette, men du skal ikkje sjå vekk frå at dette talet kan nærme seg 30 før året er omme.



LEDIGE STILLINGAR: Mangel på kvalifisert arbeidskraft er eit problem i heile fylket. Bygningsarbeidarar, handverkarar og helsepersonell er mest etterspurde.



Slit med å finne fagfolk

Næringslivet i Sogn og Fjordane manglar kring 800 kvalifiserte arbeidstakarar. Men i somme bransjar kan det bli vanskeleg å få tak i dei rette folka. Størst er utfordringa innan bygg og anlegg.

- Det er eit nasjonalt problem. Heile bransjen har behov for fagfolk, seier Leif Arne Åsen. Som dagleg leiar i den største entreprenørverksemda i fylket, Åsen og Øvrelid, veit han kva han snakkar om. Bedriftsundersøkinga viser at 16 prosent av verksemdene i næringa opplever det same. Estimat frå NAV viser at bygg- og anleggsbransjen manglar kring 200 tilsette berre i Sogn og Fjordane.

Får ikkje søkjarar

Øg andre bransjar slit med å fylle ledige stillingar. Årsaka er stort sett den same: mangel på kvalifiserte søkjarar. Størst er utfordringa i transportnæringa, der nesten ei av fire verksemdar melder at dei ikkje har klart å rekruttere arbeidskraft dei siste tre månadene. Også innanfor finansiell og forretningsmessig tenesteyting og offentlig og privat tenesteyting står stillingar

tomme grunna mangel på kvalifiserte søkjarar. Fleire av verksemdene har sett seg nøyde til å tilsetje søkjarar utan dei etterlyste kvalifikasjonane.

Saknar byggjearbeidarar og helsepersonell

Bedriftsundersøkinga viser at behovet og tilgangen på relevant kompetanse ikkje stemmer overeins. Forutan bygningsarbeidarar og handverkarar, er helseperso-

nell den største mangelvara. Utfordringa med å skaffe tilstrekkeleg helsepersonell til kommunane er ikkje ny. Somme løysar problemet gjennom auka bruk av ufaglært

arbeidskraft. 11 prosent av verksemdene innan offentlig og privat tenesteyting medgir at dei har måtta tilsetje personar med annan eller lågare kompetanse.

Likevel er det relativt få som vender blikket utanlands. Av verksemdene som

- Det er enklare å rekruttere høgt kompetent arbeidskraft til Dale enn det er i Oslo.

opplever rekrutteringsvanskar, er det berre 16 prosent som planlegg å rekruttere frå utlandet. I privat sektor er talet 18 prosent. Det er først og fremst verksemdene innanfor industrien, primærnæringane og bygg og anlegg som planlegg å rekruttere utanlands.

Nøkterne optimistar


I ei tid der ekspertar og politikarar stridast om kva retning verdøkonomien tar, vågar ikkje verksemdene i fylket å ta sjansen på storstilt rekruttering av nye medarbeidarar. Bedriftsundersøkinga viser at 22 prosent av verksemdene ventar å auke talet på tilsette i løpet av det neste året, medan 11 prosent ser for seg ein reduksjon i arbeidsstokken.

Men biletet er nyansert. I lokala til programvareselskapet Elis i Dale blir det trongare om plassen det komande året. – Om planane våre skal realiserast må vi i gjennomsnitt rekruttere ein ny medarbeidar kvar fjerde veke resten av året, fortel administrerande direktør Edgeir Aksnes. Verksemda høyrer til ei næring prega av optimisme for det neste året. Heile 40 prosent av verksemdene innan informasjons- og kommunikasjonsbransjen ventar å auke talet på tilsette.


Aksnes ser heller ikkje noko problem med å skaffe kvalifisert arbeidskraft. – Det er enklare å rekruttere høgt kompetent arbeidskraft til Dale enn det er i Oslo. I byane er det større kamp om arbeidskrafta. Mange av dei som jobbar hos oss er folk som vender heim til fylket, eller som har ei eller anna tilknytning, fortel Aksnes. Han meiner dette gir ein meir stabil arbeidsstyrke.

Eksportnæringa skjer ned


Utsiktene i eksportnæringa ber derimot preg av at mykje har hendt sidan mai i fjor. Situasjonen er kraftig forverra samanlikna med fjoråret. Då venta over halvparten av dei mest eksportretta verksemdene å auke arbeidsstokken. I dag trur nesten 40 prosent at dei kjem til å måtte redusere arbeidsstokken det neste året. Sjølv om eksportnæringa i fylket er lita i talet på verksemdar, utgjør dei viktige arbeidsplassar for fylket. Utviklinga gir difor grunn til ei viss uro.




Figur 1: Forventningar om talet på tilsette innan ulike næringsgrupper. Kjelde: Bedriftsundersøkinga




Figur 2: Estimert mangel på arbeidskraft i ulike yrkesgrupper i fylket. Kjelde: NAV/ Bedriftsundersøkinga



Figur 3: Forventningar om talet på tilsette i verksemdar med ulik mengde eksportrelatert omsetnad. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 4: Prosent av verksemdar i ulike næringsgrupper som har mislukkast med rekruttering siste 3 mnd. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



VARIG LØYSING: – Vi må utdanne fleire norske fagarbeidarar, seier Leif Arne Åsen. Han trur ikkje det er ei varig løysing å satse på utanlandsk arbeidskraft.

Åsen og Øvrelid

– Må utdanne fleire

– Eg er redd utanlandsk arbeidskraft har vorte ei kvilepute for oss, seier Leif Arne Åsen. Han ser med ei viss uro på utsiktene framover. – Vi vil få oss eit slag i andletet når det ikkje lenger er like stor gevinst å hente i Noreg. No er hjula komne i gang i Polen og lønsskilnadene blir mindre. Det kan skje i land etter land.

Åsen meiner det må ei nasjonal satsing til for å auke talet på norske fagarbeidarar i bransjen. – Den største utfordringa er å rekruttere arbeidsformenn og byggjeplassleiarar. Der blir det stilt store krav til kunnskap om lovverk, kvalitetssikring, HMS og tekniske løysingar. Utan å satse på opplæring av norske vil vi stå tilnærma utan kompetanse til å handtere norske byggje- og anleggsprosjekt i framtida. Alternativt må vi tilby vidareutdanning til utanlandske arbeidarar i Noreg.

Kring 10 prosent av Åsen sine 95 fast tilsette er arbeidsinnvandrarar, hovudsakleg frå Polen og Tyskland. Somme av dei har vore her

i lang tid og har opparbeidd seg god språk- og kulturkompetanse. – Å leie store byggje- og anleggsprosjekt krev meir enn relevant fagerfaring. Norsk kunnskapar og kjennskap til norsk arbeidskultur er minst like viktig. Difor kjem vi ikkje utanom å utdanne fleire fagfolk i Noreg, meiner han.

– Den største utfordringa er å rekruttere arbeidsformenn og byggjeplassleiarar.

Sjølvs reiser Åsen rundt på skular i fylket for å oppmuntre fleire unge til å velje fagutdanninga. – Når eg snakkar med ungdommen opplever eg interesse. Men eg har inntrykk av at

rådgjevarar og foreldre fortel borna at det ikkje er den vegen dei bør gå. I dag er det nesten slik at foreldre kjenner seg mislukka om dei ikkje klarar å fostre minst ein ingeniør. – Men om alle blir ingeniørar, kven skal då slå i spikaren? Ingeniørar klarar jo ikkje å treffe spikaren på hovudet, seier han spøkjesfullt.



TRENG FAGFOLK: Åsen og Øvrelid er den største entreprenørverksemda i Sogn og Fjordane. Dei treng fagfolk til viktige byggjeoppdrag, som her ved parkeringskjellaren i Førde Rådhus og SEIF-bygget i Førde (over).



FOLKEVEKST: Arkadiusz Toporski (t.v.) har flytta frå Polen til jobb på Florø Mekaniske Verkstad. Her saman med personalkoordinator Asbjørn Brandsøy og fleire av dei andre polske tilsette.



Sikrar berekraftige lokalsamfunn

- Arbeidsinnvandring er god samfunnsøkonomi, seier ordførar i Flora, Bengt Solheim-Olsen. Medan andre kommunar i fylket slit med fråflytting, er Flora ein av seks kommunar som har opplevd vekst i folketalet gjennom heile 2000-talet. Det kan dei takke arbeidsinnvandrarane for.

Dekkjer arbeidskraftbehovet

Med ei arbeidsløyse på berre to prosent i april, er behovet for utanlandsk arbeidskraft i Sogn og Fjordane stort. Fylket hadde nærmare 6 000 arbeidsinnvandrarar ved utgangen av 2010, i følgje SSB. Det utgjer kring 10 prosent av sysselsettinga i fylket. Og behovet vil truleg fortsetje å auke. - Også verksemdene her treng ny og spesiell kompetanse for vekst og vedlikehald, seier Susan Merrill Stavøstrand, rådgjevar ved NAV Eures i Sogn og Fjordane. - På lang sikt aukar i tillegg gjennomsnittsalderen blant arbeidstakarane i fylket, så behovet for rekruttering frå andre land vil truleg berre bli større i åra som kjem.

Kjem frå Aust-Europa

Dei aller fleste arbeidsinnvandrarane i fylket kjem frå land i EU/EØS-området. Nær halvparten er frå dei austuropeiske EU-landa. I følgje NAV Eures ligg fylket 10 prosent over gjennomsnittet for landet i bruk av arbeidskraft frå andre EU- og EØS-land. Heile 40 prosent av verksemdene har nytta arbeidskraft frå EU- og EØS-området. - På denne tida av året er det først og fremst hotell- og restaurantbransjen som treng

kvalifiserte arbeidstakarar, men elles er det yrkesfaglege, landbruks-, og teknisk personell som er mest etterspurd, fortel Stavøstrand.

- Behovet for rekruttering frå andre land vil truleg berre bli større i åra som kjem.

Det er brei semje om at arbeidsinnvandring er viktig for næringsutviklinga i fylket. - Verksemdene får ikkje oppdrag utan arbeidsinnvandrarane. Det har vorte umogleg å klare seg utan, seier Jan Tore Bø som er dagleg leiar i FramFlora, Flora kommune sitt næringsapparat. Verksemdar i fylket som vi har snakka med, gir uttrykk for det same. Fleire bransjar har vanskar med å skaffe den rette kompetansen. Byggjearbeidarar og helsepersonell er nokre av yrkesgruppene det er mangel på i fylket.

Hindrar utarming av distrikta

Men arbeidsinnvandring handlar ikkje berre om næring. Det har òg ei demografisk side. Medan flyttestraumen mot byane aukar, blir arbeidsinnvandringa stadig viktigare for å halde oppe busetnaden i distrikta. Avisa Nationen kunne tidlegare i år melde at medan folketalet gjekk ned i

115 kommunar, vart 118 kommunar redda frå nedgang i folketalet grunna utanlandsk innflytting i 2011. Denne problemstillinga er høgst aktuell for mange kommunar i Sogn og Fjordane, som over lengre tid har slitt med kraftig nedgang i folketalet. Men takka vere innvandring har fylket dei siste fem åra opplevd vekst i folketalet.

- Dette er menneskeleg kapital som er heilt avgjerande for å oppretthalde arbeidsplassar, skular og andre offentlege velferdstilbod i distrikta, seier regiondirektør i NHO Sogn og Fjordane, Jan Atle Stang.

Må løfte i flokk

Eit viktig mål framover blir difor å sørge for at fleire av dei som kjem til fylket for å få arbeid, òg vel å busetje seg her. Ikkje minst må ein sørge for at dei som buset seg her, blir verande. Men det er stor uvisse blant kommunane om korleis dei skal handtere arbeidsinnvandringa. Det kjem fram i Møre-forskning sin rapport «De nye hendene», om arbeidsinnvandring på nordvestlandet. Fleire kommunar manglar ein heilskapleg strategi for arbeids- og familieinnvandring.

Fylkesleiar i KS, Jenny Følling, meiner temaet er så viktig at det bør inn i dei kommunale planane. - Vi vil bli heilt avhengig av arbeidsinnvandring for å løyse dei oppgåvene som trengst både i det offentlege og i næringslivet. Ho meiner kvar kommune bør utvikle ein strategi for å leggje til rette for arbeidsinnvandring framover. - Det gjeld alt frå bustad og språkopplæring til integrering i barnehagar og skule. Følling peikar på at det er store variasjonar mellom

kommunane i fylket, og at kommunar som har erfaring med å ta imot arbeidsinnvandrarar difor må utveksle kunnskap med kommunar som ikkje har det. - Vi i KS ønskjer å vere til hjelp og bidra med rettleiing og kompetanse der det trengs. Kommunane skal løyse veldig mange oppgåver, så eg trur mange strevar med dette. Difor er vi òg avhengig av eit tett samspel med næringslivet.

Følling får støtte frå NHO-sjefen. - Det må eit felles løft til, frå næringsliv, kommunar og frivillige organisasjonar, for å sikre at dei utanlandske arbeidstakarane blir ein integrert del av lokalsamfunnet. Hjelp til finansiering av bustad, rettleiing, og ikkje minst språkopplæring er nokre av tiltaka han trekkjer fram. - Språk må ikkje vere eit grunnlag for nei i utgangspunktet, meiner Stang, som mellom anna foreslår å tilby utanlandske arbeidstakarar intensive språkkurs mot at dei forpliktar seg til å jobbe i verksemda ei viss tid.

Språk er avgjerande

Språk er truleg den største utfordringa for arbeidsinnvandrane som kjem hit. Skal ein dra full nytte av arbeidsinnvandrane, er språkopplæring difor essensielt. Dette er noko Møreforskning trekkjer fram i sin rapport. I dag har arbeidsinnvandrarar frå EØS/EFTA-området verken rett på eller plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Blant dei polske arbeidskollegaene ved Florø Mekaniske Verkstad er det få som har hatt språkopp-

læring, trass i at dei har budd i kommunen i fleire år. - Eg har fått tilbod om språkkurs, og byrja på det. Men kurset var ikkje så godt organisert, med mange lærarbytte. Eg vil heller studere på eiga hand, seier Arkadiusz Toporski (32). Dei kommunale språkkursa er ikkje skred-

darsydd for arbeidsinnvandrarar, noko Hotel Alexandra i Loen har teke konsekvensen av. Her får dei tilsette tilbod om private språkkurs i hotellets regi. - Kommunen sine kurs er for seindrektige og fokuserer ikkje på det vi meiner er viktig, som er det munnlege, seier hotellsjef Rikard Grov.

Jobb til begge

«Derfor blir vi her - innvandrere i Distrikts-Norge» er tittelen på ein fersk rapport frå NIBR. I tillegg til språkopplæring, kjem rapporten med ei rekkje andre forslag til korleis kommunar kan sikre at innvandrarar blir ein varig ressurs i lokalsamfunnet. Oppretting av ei lokal rådgjevingsteneste for alle tilflyttarar er eit tiltak som blir nemnd. Rapporten er delvis basert på innvandrarar sine egne erfaringar, og avdekkjer at mange arbeidsinnvandrarar opplever manglande oppfølging frå kommunen si side. Dei etterlyser mellom anna meir informasjon og rettleiing om etablering i arbeids- og bustadmarknaden. NIBR peikar også på at sannsynet for at arbeidsinnvandrarar blir verande, er større dersom dei har familie. Difor er det avgjerande at kommunane legg til rette for at òg partner finn arbeid lokalt. Kartlegging av ektefeller si utdanning og arbeidserfaring kan vere ein god start.

Mange arbeidsinnvandrarar opplever manglande oppfølging frå kommunen si side.

Fleire kommunar manglar ein heilskapleg strategi for arbeids- og familieinnvandring.



VIKTIG RESSURS: Ordfører Bengt Solheim-Olsen i Flora ønskjer arbeidsinnvandrarane velkomne. - Dei gjev positive ringverknader for heile lokalsamfunnet.



VALDE FLORØ: - Det er Florø som er heime no, seier Agnieszka Toporska. Ho kom frå Polen til Florø Mekaniske Verkstad i 2006.



Framtida er i Florø

- Det er dette som er heime no, seier Agnieszka Toporska (32). Etter 6 år i Flora har ho funne roa i kystkommunen, og har ingen planar om å vende tilbake til Polen. Saman med mannen Arkadiusz (32) har ho sidan 2006 vore tilsett hos Florø Mekaniske Verkstad. For få år sidan etablerte dei seg med eige hus, hund og katt i Eikefjord.

På fylkestoppen i innvandring

Ekteparet er to av dei kring 150 innvandrarane frå Polen som er registrert busett i Flora. Tal frå SSB viser at Flora er den kommunen i Sogn og Fjordane med høgast innvandring, med til saman 1 180 innvandrarar

og norskfødde med innvandrarforeldre per 1.1. 2012. Av desse hadde kring 600 bakgrunn frå Europa. Men desse tala viser berre delar av biletet. Sysselsette på korttidskontraktar blir ikkje rekna med, heller ikkje personar med innvandrarbakgrunn som pendlar frå heimlandet og frå andre kommunar.

Arbeidsinnvandringa til kommunen tok til for alvor i 2005. I byrjinga var det først og fremst mannlege pendlarar som kom, men i dag tek stadig fleire med seg familien. Næringsutviklingssel-

skapet FramFlora, som òg er kommunen sitt næringsapparat, har sett nærare på bruk av utanlandsk arbeidskraft hos dei største næringsaktørane i kommunen. Utrekningane deira viser at 1 273 årsverk vart utført av arbeidsinnvandrarar i 2011. Om seks år, i 2018, reknar dei med at arbeidsinnvandrarar vil stå for kring 2 800 årsverk i desse verksemdene. - Dette viser kor nyttig arbeidsinnvandringa er for Flora

kommune. Vi hadde ikkje klart oss utan, seier dagleg leiar i FramFlora, Jan Tore Bø. Saman med ordførar Bengt Solheim-Olsen trekkjer han fram dei

- Vi veit lite om kva arbeidsinnvandrarane ønskjer, og om kva som skal til for å få dei til å busetje seg her.

NAV Eures

Nettverket som knyt Europa saman

- Oppgåva vår er å fremje arbeidsmobiliteten på tvers av nasjonale grenser i EU sin indre marknad, seier Susan Merrill Stavøstrand. Ho er rådgjevar i det EU/EØS-baserte nettverket Eures ved NAV-kontoret i Sogn og Fjordane. Eures er knytt til offentlege arbeidsetatar i EU/EØS-landa, med meir enn 800 tilsette over heile Europa. Eures og Stavøstrand si rolle er å hjelpe verksemdene i fylket med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft frå EU/EØS-området. - Dette fylket har mange små og mellomstore bedrifter som treng hjelp med å rekruttere kvalifiserte arbeidstakarar frå andre land, seier Stavøstrand. Ho hjelper òg verksemdene med spørsmål knytt til rettar og plikter overfor arbeidssøkarane og vice versa. Eures gir òg råd både til dei som ønskjer å reise ut frå fylket, og til arbeidssøkjande frå utlandet

som vil vite meir om korleis det er å arbeide og bu i Sogn og Fjordane og det norske samfunnet.

Gjennom Eures har NAV også bygd opp ein database over arbeidssøkarar og deira kvalifikasjonar. Denne kan verksemdene òg bruke på eiga hand. - Denne er til stor nytte for verksemdene i fylket, seier Stavøstrand, som hittil i år allereie har formidla minst 20 personar frå andre EU/EØS-land til arbeidsgivarar i Sogn og Fjordane. I 2011 kom tenesta først i gang i mai, men i løpet av dei resterande månadene i fjor formidla Eures i Sogn og Fjordane 90 stillingar for lokale verksemdar, der 70 melde tilbake med positivt utfall. Truleg er talet høgare sidan ikkje alle arbeidsgivarar melde tilbake om utfallet av utlysinga.

mange positive verknadene av arbeidsinnvandringa. – Dei representerer ein verdi for oss gjennom skatt og overføringar. I tillegg gir dei ringverknader for andre verksemdar, innan catering og transport til dømes, seier Solheim-Olsen.

Men sjølv om arbeidsinnvandrarane er ein viktig ressurs for Flora, manglar kommunen ein klar strategi for å rekruttere utanlandsk arbeidskraft til lokalsamfunnet og sikre at dei som kjem blir verande. – Vi veit lite om kva arbeidsinnvandrarane ønskjer, og om kva som skal til for å få dei til å busetje seg her, seier Arild Melvær, dagleg leiar ved innvandrarsenteret i Flora. Men han legg til at senteret skal gjennomføre ei brukarundersøking mellom anna for å få avklart behova i denne gruppa.

Bustader og barnehagar

Skal fleire gjere som Agnieszka og Arkadiusz og busetje seg i kommunen, er oppgåve nummer éin å sørgje for at det finst nok husvære til alle. Då er det naudsynt å samarbeide med nabokommunane. – Det er ikkje lett å vekse så fort, men dette er noko vi arbeider med, seier Solheim-Olsen. Òg for dei som er her midlertidig eller på pendlarbasis, kan det vere vanskeleg å finne eigna innkvartering lokalt. Ei av verksemdene må køyre 3 busslass med arbeidadar til Jølster for natta. Andre arbeidsgjevarar brukar hotellbåtar for sine tilsette, og det er planar om å byggje ein brakkeby.

Men arbeidsinnvandringa aukar òg trykket på det kommunale tenestetilbodet. Det komande året er det søkt om nærare 50 fleire barnehageplassar enn det kommunen har planlagt for. Ein god del av dette kjem av arbeidsinnvandringa. Ordføraren innrømmer at det gjer samfunnsplanlegginga meir krevjande. – Det viser jo at stadig fleire blir her. Men det er ei utfordring sidan vi ikkje veit kor lenge dei blir, og kor lenge tilstrøyminga kjem til å vare.

Skapar vekst for Florø Mekaniske

Den utanlandske arbeidskrafta har vore heilt avgjerande for veksten som Florø Mekaniske Verkstad har opplevd dei siste åra, og som gjorde at verksemda i 2007 vart kåra til årets Gaselle i Sogn og Fjordane. – Vi hadde ikkje vore der vi er i dag utan dei. Norsk arbeidskraft er nærmast umogleg å oppdrive, seier Ole Brandsøy, dagleg leiar i Florø Mekaniske Verkstad. Saman med Asbjørn Brandsøy og Stig-Arne Brandsøy starta han verksemda i 2003. FMV driv prefabrikkering og montering av røyr og stålkonstruksjonar og rettar seg mot landbasert industri, havbruk og skipsindustri. No ønskjer dei òg å satse inn mot offshore. I dag har verksemda ein stab på til saman 217 tilsette, der om lag 200 er innvandrarar frå Polen og Litauen. Bortsett frå dei 5 tilsette ved verkstaden i Florø, er storparten pendlarar og arbeider på verfta der verksemda har oppdrag.

Økonomien avgjer

Agnieszka og Arkadiusz er blant dei få som har etablert seg i kommunen. – Vi ønskte eit betre liv, seier Arkadiusz. Han arbeidde på skipsverft i Gdynia frå han var 16 år, før han bestemte seg for å søkje lukka utanlands. – Arbeidstida er kortare, og løna er høgare her. I Polen jobba vi frå tidleg morgon til sein kveld. Dei to kollegaene hans på verkstaden i Florø, Wojciech Markiewicz og Tomasz Brust, nikkar samstemd. At økonomi var det

viktigaste motivet for å søkje seg hit er det ingen tvil om, og at det er den viktigaste grunnen til å bli verande er heller ikkje til å kome utanom. – Big money, ler dei.

– Løna i Polen rekk sjeldan til anna enn mat og bustad. Feriar og andre ekstragode må difor vente. Her kan vi få alt dette, berre ved å arbeide normalt, seier Agnieszka.

Så kva no når den polske økonomien går betre, og løningane stig? – Det er berre på tv! flirar Arkadiusz. – Det er framleis mykje betre her enn i Gdynia. Det er klart, løna har vorte litt betre på skipsverfta i Polen, så nokon vel nok å bli. Men eg trur ikkje at dei som har etablert seg her i Noreg, vil dra tilbake med det første.

Dersom det skulle skje, vil det vere krise for norsk økonomi. Arbeidsinnvandringa har vore heilt avgjerande for den veksten Noreg har opplevd det siste tiåret. For mange distriktskommunar har arbeidsinn-

Hotel Alexandra

Tek konene

Sjekkar du inn på hotell Alexandra i sommar, er sjansane store for at du blir møtt med eit svensk «Välkommen». Svensk arbeidskraft har nemleg vorte uunnverleg for det ærverdige hotellet inst i Nordfjorden – som så mange andre stader i Noreg. Saman med arbeidstakarar frå Baltikum, Tyskland, Polen og Slovakia utgjer dei svenske hotellarbeidarane kring 25 prosent av dei til saman 270 - 300 tilsette ved hotellet. Dei aller fleste er sesongarbeidarar, som gjerne kjem igjen sesong etter sesong. – Det går av seg sjølv, seier hotellsjef Rikard Grov om rekrutteringa. Han har lang erfaring med denne måten å skaffe arbeidskraft på. Heilt sidan 1970-talet har hotellet henta folk utanfor landegrensene for å dekkje arbeidskraftbehovet.

– Vi er heilt avhengige av dei for å eksistere, seier Grov, som òg peikar på ringverknadene for turistnæringa. – Dei som kjem hit fortel om Noreg til vener og kjende, familiane kjem på besøk mens dei jobbar, og vi opplever at dei som har jobba her som unge, kjem igjen med familien etter nokre år for å vise fram Loen.

Dei språklege utfordringane som følgjer med det å ha ein internasjonal stab har hotellet sjølv tatt fatt i. – Mange har eit språkproblem i byrjinga. Difor byrjar dei «backstage». Når dei etter kvart blir betre, kan dei få andre typar jobbar, seier Grov. På eige initiativ har hotellet starta eit norskkurs for å hjelpe dei tilsette å kome over den bøygen det er for mange å snakke norsk. Lærarar blir leigd inn for å gi kurs på 60-80 timar, med vekt på munnleg norsk.

Hotel Alexandra finn òg meir kreative måtar å rekruttere på. Dei siste åra har hotellet opplevd ei tilstrøyming av slovakiske arbeidadar, mykje takka vere sambygdingen Nordfjord Kjøtt. – Nordfjord Kjøtt finn god kompetanse i Slovakia. Dei rekrutterer stort sett mannfolk – og så tilset vi konene deira, ler Grov. – Det er ei gunstig ordning som gjer at dei blir buande lenger. Mange av dei slår seg ned i bygda, fortel han. Slik sett er Loen eit framifrå døme på korleis samarbeid kan skape synergjar for heile lokalsamfunnet.

vandrarane òg vore viktige for å opprett-
halde busetnaden, ikkje minst i Sogn og
Fjordane.

Turnusordning og velferdstiltak

For Ole Brandsøy handlar det no om å halde
på den grunnstamma som verksemda
har bygd opp. Eit av tiltaka verksemda
har innført, er ny turnusordning for
pendlarane som arbeider på verfta. Kortare
intervall gjer at heimturane kjem oftare.
Velferdstiltak som eige treningstilbod,
båtar som dei tilsette kan låne og sosiale
arrangement er òg viktig for å få dei tilsette
til å trivast. Personalsekretær Grethe
Brügger Olsen tek seg av det praktiske. –
Ho ordnar med innsjekking, skattekort,
opphaldsløyve og anna papirarbeid. Gode
intensjonar utan tvil, men som Brandsøy
sjølv seier: Til sjuande og sist er det den
økonomiske utviklinga som avgjer om dei
blir verande eller ikkje.

Saknar ikkje storbylivet

Tilbake på verkstaden i Florø er dei tre
arbeidskarane skjønt samde: Framtida er
i Florø. – Vi likar oss her. Det er ope, trygt
og roleg. Ingen saknar storbylivet i Gdynia.
Det gjer heller ikkje Agnieszka, sjølv om
situasjonen var ein annan då ho kom hit
i 2006. – Det regna heile tida, eg hadde
ingen vener og eg kunne ikkje språket. Eg
ville berre heimatt. I jobben vart ho kasta
ut i det. – Eg hugsar ein gong eg skulle
bestille flybilletter frå Ålesund til Gdansk,
og dei spurde korleis eg ville betale for
billettene. Det hadde ingen fortalt meg, så
det kunne eg ikkje svare på. Det var ein del
slike situasjonar. Men dag for dag vart det
betre, fortel Agnieszka. I dag er det ho som
er bindeleddet mellom administrasjonen i
Florø og arbeidarane på verfta. Ho har òg
hjelpt verksemda å finne folk. – Agnieszka
har betydd mykje for oss, det var eit funn å
få tak i henne, konstaterer Brandsøy.

Innvandring

- Innvandrarbefolkninga (innvandrarak og norskfødde med to innvandrarakforeldre) i Noreg utgjer i dag 12,2 prosent av folketalet, i Sogn og Fjordane 7,3 prosent.
- I 2040 vil prosentdelen vere dobla på landsbasis, til 24,2 prosent.
- I Sogn og Fjordane vil prosentdelen innvandrarak vere dobla allereie i 2020, og utgjere 14,5 prosent av folketalet. I 2040 vil denne prosentdelen ha vakse til 17,5 prosent.
- Sterkast vil veksten vere for innvandrarak med bakgrunn frå dei noverande EU-landa i Aust-Europa. I 2040 reknar SSB med at 9 521 personar i Sogn og Fjordane vil ha bakgrunn frå desse landa, mot 2 477 i dag.

(Kjelde: SSB Regional framskrivning av antall innvandrarak 2011-2040. Alle tal er basert på det SSB kallar mellomalternativet, som byggjer på dei mest realistiske føresetnadene).



VERKSEMD I VEKST: – Vi hadde ikkje vore der vi er i dag utan utanlandsk arbeidskraft, seier Ole Brandsøy (t.v.), dagleg leiar i Florø Mekaniske Verkstad. Han starta verksemda i 2003 saman med Stig-Arne Brandsøy (i midten) og Asbjørn Brandsøy (t.h.)



Ny vekst i Nordfjord

Nordfjord er den mest optimistiske av regionane i fylket, i følge Næringsbarometeret. Det er også ein region full av kontrastar. Medan delar av det tradisjonelle næringslivet slit, gror det fram nye og framtidsretta verksemder.

Legg ned og byggjer opp

Måndag 30. april var siste dag på jobben for mange av dei tilsette ved Domstein sin filetfabrikk på Trollabø. Etter 19 år med drift var produksjonen ikkje lenger lønsam. No er den flytta til andre verksemder i mellom anna Polen og Litauen. Same dag fortalde Fjordenes Tidende at Seevia AS nett hadde undertekna ein kontrakt som gav det Måløy-baserte it-selskapet ansvaret for å drifte ein felles videokonferanse-katalog for det norske og danske helsevesenet. – Kontrakten i Danmark er det første internasjonale gjennombrøtet for teknologien vår, seier dagleg leiar Jørn Mikalsen. – Vi har eit stort vekstpotensial utanfor Noreg og ventar at vi må tilsetje fleire ved kontoret i Måløy i den næraste tida.

Tradisjon og innovasjon

Kontrastane er store i Nordfjord. Mykje av næringslivet er bygd på tradisjonar og

naturlege føresetnader. Marine og maritim verksemder ute ved kysten, fruktdyrking, turisme og teko-industri lenger inne i fjorden. Men regionen har dei siste åra òg vore prega av innovasjon og nyskaping. Noko av denne nyskapinga byggjer vidare på tradisjonane. Til dømes Stad Towing Tank, eit moderne hydrodynamisk anlegg for uttesting av skipsskrog, eller Moods of Norway som har gjort fjordabonden sin fremste arbeidsreiskap, traktoren Ferguson TE20, til internasjonalt mote-

– Vi har ein lang veg å gå når det gjeld samarbeid mellom verksemder.

ikon. Andre representerer nye teknologi- og tenestebaserte næringar slik Seevia frå Måløy er eit døme på.

– Vi manglar dei store lokomotiva her i regionen, seier Alfred Bjørlo, ordførar i Eid kommune og tidlegare leiar av Måløy Vekst. – Til gjengjeld har vi eit mangfald av små og mellomstore verksemder der mange er framtidsretta og i vekst. Bjørlo snakkar seg lett varm når han fortel om desse verk-

semdene. Frå eigen kommune trekkjer han fram elektro- og automasjonsmiljøet, mellom anna Eid Elektro som i april i år kjøpte opp Tavlebygger 1 AS frå Bergen for å sikre vidare vekst.

Ein fragmentert region

- Men vi har ein lang veg å gå når det gjeld samarbeid mellom verksemdar, seier Bjørlo. - Vi treng å skape eit felles miljø som kan bidra til vekst og utvikling. Dette har sjølvstendig noko med lange avstandar og mangelfulle kommunikasjonar å gjere. Men det handlar også om kultur. - At vi har fire lokalaviser, men ikkje eit einaste felles organ for heile Nordfjordregionen, er eit talande uttrykk for nettopp dette, seier Bjørlo.

Han meiner erfaringane frå åra med Måløy Vekst viser at det nyttar å satse systematisk på å utvikle næringslivet i regionen. - Då selskapet vart etablert i 2006 var det stagnasjon og folketalsnedgang i ytre Nordfjord. I løpet av dei siste åra er nedgang snudd til vekst og ei rekkje framtidsretta selskap har kome til. Bjørlo er særleg nøgd med arbeidet for å skape aktivitet rundt ny miljøteknologi i regionen, knytt til offshore vindkraft og grøn datalagring. No skiftar Måløy Vekst namn til Nordfjord vekst og blir eit felles næringsutviklingsselskap for Vågsøy, Eid og Selje. Eit anna døme på fungerande næringssamarbeid er Reise-

mål Stryn & Nordfjord - eit destinasjonsselskap og felles marknadsføringsorgan for reiselivsverksemdene i regionen.

Framtidstru

Næringslivet i Nordfjord ser rimeleg lyst på framtida. Regionen har den høgaste samla forventingsindeksen blant regionane i fylket. Indeksen endar på 18 poeng, same nivå som for eit år sidan. Sunnfjord, som også låg på 18 poeng i 2011, fell derimot til 14 i årets måling. Det er særleg når det gjeld utsiktene for investeringar at Nordfjord skil seg frå dei andre regionane. Medan 27 prosent av verksemdene ventar auka investeringar i 2012, er det berre 11 prosent som ventar reduksjon. Rundt 30 prosent av verksemdene i Nordfjord ser for seg å auke sysselsetjinga i løpet av året, medan 10 prosent ventar nedgang. Til tross for optimismen har Nordfjord høgare arbeidsløysen enn dei andre regionane i fylket. Dette gjeld særleg dei ytre kystkommunane, der Vågsøy toppar statistikken med 3,8 prosent ledige i april - eit tal som vil vekse monaleg når dei som har mista jobben ved Domstein melder seg hos NAV.

Kjempar om kompetanse

Alt i alt er likevel mangel på arbeidskraft og kompetanse ei større utfordring for regionen enn arbeidsløysen. Dette gjeld ikkje minst for teknologiverksemdene. - Det er utan tvil ei tøff utfordring å skaffe den kompetansen vi treng, seier Mikalsen i Seevia. - Vi er i dialog med NTNU om gjennomføring av gründerprosjekt saman med studentar og for å få nyutdanna kandidatar til å kome til Måløy. Andre verksemdar har satsa systematisk på rekruttering av høgt utdanna arbeidskraft frå utlandet, mellom anna Nederland og Island. - Fordi vi såg


det som avgjerande for vidare vekst, starta Måløy Vekst norskopplæring for utanlandsk arbeidskraft, fortel tidlegare leiar Alfred Bjørlo.

Bjørlo meiner det er ein fordel for Nordfjord å ligge tett

opptil vekstregionen Sunnmøre. Regionen har mange tunge verksemdar som treng underleverandørar, og det er mange gode døme på vellukka samarbeid. - Med Eiksundsambandet og Kvivsvegen er kommunikasjonane nordover i ferd med å bli betre, noko som sjølvstendig hjelper på, seier Bjørlo. - Vi har alt å tene på å få utvikla ein felles arbeidsmarknadsregion i dette området.

Sogn og Sunnfjord

Utanom Sunnfjord, der den samla forventingsindeksen fell markert frå same tid i fjor, er det ingen markerte endringar i dei ulike regionane sine vurderingar av framtidsutsiktene. Dei mest nøkterne vurderingane finn vi i år som i fjor i kystregionen Ytre Sunnfjord/Ytre Sogn der den samla forventingsindeksen ligg rett under 10. Dette er ein region som i stor grad er dominert av dei marine og maritime næringane. Det er også den einaste av regionane som har hatt nedgang i folketallet i løpet av dei siste fem åra. Likevel har ingen av dei andre regionane hatt ein så sterk nedgang i arbeidsløysa i løpet av det siste året som nettopp Ytre Sunnfjord/Ytre Sogn.



Figur 1: Samla forventingsindeks for dei ulike regionane i Sogn og Fjordane, 2011 og 2012.

	Nordfjord	Sunnfjord	Ytre Sunnfjord/ Ytre Sogn	Sogn
Folketal 1.1.12	32765	36787	10464	28185
Folketalsvekst dei siste 5 åra	1,5	2,8 %	-1,7 %	2,3 %
Arbeidsløysen, mars 2012	2,5	1,6 %	1,6 %	1,8 %
Endring i talet på arbeidslause mars 2011 til mars 2012	- 6,1 %	- 22,2 %	- 29,2	- 3,0 %
Konkursar sidan 1.1.11	36	33	8	13
Konkursar per 100 føretak	1,4	1,4	1,0	0,7
Nye føretak sidan 1.1.11	190	248	92	222
Nye føretak per 100 føretak	7,6	10,5	11,6	11,8

Tabell 1: Nøkkeltal for regionane i Sogn og Fjordane

Datagrunnlag og kjelder

Bedriftsundersøkinga

Næringsbarometeret for mai 2012 byggjer på data frå ei landsomfattande spørjeundersøking som vart gjennomført av NAV i mars 2012 retta mot verksemdar innfor alle næringsområde. I Sogn og Fjordane vart undersøkinga sendt til i alt 782 verksemdar. 514 av desse svarte, noko som gir ein svarprosent på 65,7.

Forventingsindeksar

I undersøkinga vart næringsaktørane bedd om å vurdere utsiktene for 2012 samanlikna med 2011 for ei rekkje faktorar, mellom anna talet på tilsette, omsetnad, investeringar og lønsemd. Vi har nytta svara på desse spørsmåla til å rekne ut forventingsindeksar for desse faktorane. Dette er gjort ved å trekkje prosentdelen som ventar reduksjon, til dømes i talet på tilsette, frå prosentdelen som ventar auke. Forventingsindeksane kan difor, i teorien, variere mellom 100 og -100. Verdien 100 kan bli oppnådd berre om absolutt alle verksemdene ventar auke. Tilsvarende kan verdien -100 bli oppnådd berre om absolutt alle ventar reduksjon. Generelt er det slik at ein positiv forventingsindeks fortel at det er fleire verksemdar som ventar auke enn som ventar reduksjon. Merk at verksemdene også kunne svare at dei ikkje venta noka endring. Desse er ikkje med i dei utrekningane som blir gjort.

Samla forventingsindeks

Vi har rekna ut ein samla forventingsindeks. Denne indeksen er ganske enkelt gjennomsnittet av forventingsindeksane for tilsette, omsetnad, investeringar og lønsemd. Også denne indeksen vil teoretisk kunne variere mellom 100 og -100. Det er normalt denne samla forventingsindeksen som blir nytta i samanlikningar mellom næringar og regionar.

Samanlikningar over tid

Merk at januarutgåva til næringsbarometeret byggjer på ei undersøking som er ulik den som ligg til grunn for maiutgåva. Det er difor ikkje mogleg å samanlikne endringar i forventingar mellom desse to utgåvene. Alle samanlikningar over tid i denne publikasjonen er såleis basert på maiutgåver frå dei ulike åra.

Kjelder

Hovudkjelder:

Bedriftsundersøkinga for Næringsbarometeret, NAV, Statistisk Sentralbyrå

Samla vurdering

NAV, Hovedtall om arbeidsmarkedet for april 2012
SSB, Arbeidskraftsundersøkelsene
SSB, Statistikk over opna konkursar
SSB, Investeringsstatistikk, olje- og gassvirksomheten, 1. kvartal 2012
SSB, Omsetningsstatistikk, Olje- og gassutvinning, bergverksdrift, industri og kraftforsyning, mars 2012
SSB, Annen tjenesteyting, omsetningsstatistikk, 6. termin 2011

Norsk og internasjonal økonomi

Arbeidsdepartementet: «Grunnlaget for inntektsoppgjørene 2012». Endelig hovedrapport fra Det tekniske beregningsutvalget for inntektsoppgjørene. Oslo 30. mars 2012.
Norges Bank: «Regionalt nettverk» 1-2012.
Norges Banks utlånsundersøkelse for 1.kvartal 2012, 25. april 2012.
Næringslivets Hovedorganisasjon: «Økonomisk overblikk 1/2012. Utsikter for 2012-2013».

NOU 2011:3 NOU 2011: 3 Kompetansearbeidsplasser – drivkraft for vekst i hele landet. Departementenes servicesenter. Informasjonsseksjonen.

Olsen, Øystein: "The economic outlook". Speech by Governor Øystein Olsen to invited foreign embassy representatives, Norges Bank, Oslo, 12. april 2012.

SSB: Utenrikshandel med varer, mars 2012: www.ssb.no/muh/

SSB: Forsiktig konjunkturoppgang i 2013: www.ssb.no/vis/emner/08/05/kt/main.html

Utsikter for 2012

SSB, Konjunkturbarometer, 1. kvartal 2012
SSB, Ordrestatistikk, industri, 1. kvartal 2012
SSB, Produksjonsindeksen for industrien, mars 2012
SSB, Bygge- og anleggsvirksomhet, ordrestatistikk, 4. kvartal 2011
SSB, Boligprisindeks, 1. kvartal 2012
SSB, Utenrikshandel med varer, mars 2012
SSB, Omsetningsstatistikk, Olje- og gassutvinning, bergverksdrift, industri og kraftforsyning, mars 2012
SSB, Annen tjenesteyting, omsetningsstatistikk, 6. termin 2011

Arbeidsinnvandring

Flora kommune
FramFlora – indikator næringsutvikling 2011 – 2018
M. Hanche-Olsen, F.O. Båtevik, G. Mattland Olsen, E.R. Yttredal. «Dei nye hendene – offentlig sektor sitt møte med arbeidsinnvandrere». Møreforskning rapport nr. 22/2011
Nationen, 26.3.2012: «Innvandrere holder liv i distriktene»
Nav Eures Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane fylkeskommune: [http://www.sjf.no/cmsdff/cmspublish.nsf/\\$all/6C84A3147FF7970DC12577EB0045BDFA](http://www.sjf.no/cmsdff/cmspublish.nsf/$all/6C84A3147FF7970DC12577EB0045BDFA)
SSB registerbasert sysselsettingsstatistikk, 2010
SSB: Regional framskrivning av antall innvandrere 2011-2040.
SSB Innvandringsstatistikk, 2012.
S. Søholt, A. Aasland, K. Onsager, G.M. Vestby. «Derfor blir vi her - innvandrere i Distrikts-Norge». NIBR-rapport 2012:5

Regionalt utsyn

SSB, Befolkningsstatistikk
SSB, Registerbasert arbeidsledighet
SSB, Statistikk over opna konkursar
SSB, Statistikk over nyetablerte foretak

Foto:

Anne Jorun Sæten
Framsida viser tilsette ved Florø Mekaniske Verkstad
s.3 Leiar: Arve Ullebø
s.11 Elis: Elis/Tormod Iversen
s.12 Havyard: Jostein Russøy
s.14 Seevia: Vidar Furnes/Seevia
s.17 Åsen og Øvrelid: Åsen og Øvrelid

Partnarane bak Næringsbarometeret
Innovasjon Norge Sogn og Fjordane
NAV Sogn og Fjordane
NHO Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Sparebanken Sogn og Fjordane

